

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Busk~~rud~~

Tilleggsspørsmål nr. 36.

Herad: Uvdal

Emne: Helsing, Fakter og Aatferd

Bygdelag: Udv~~dal~~

Oppskr. av: Anna Samuelson

Gard: Skoga^B

(adresse): Uvdal

G.nr. 61 Br.nr. 22

Eige røisle

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
og Magnus Bakke (gaardbruker) 70 aar

SVAR
Maater aa refse folk paa.

A. Ved forskjellige anledninger.

Var det nokon gard der det ikkje varalmindeleg styr og stell, so vart den garden taksera slik aat var det t.d. ein paa Husebø som ikkje helt garden sin nokolonde

so vart det sagt slik: " E meine det ha vorte Einarstveit- styr paa Husebø me no. Detta er berre eit eksempel .

1.

Noko slikt som o slø ein holme i Aakeren, ringar ei spiralar i grase, sette up halmfigura for folk som somla med skurden, huksa iallefall ingen her.

2.

Heller ikkje noko skøierstreker med aa reise paaler ei stokkar for dei som var seint ute serskilte helgedagen netter.

3.

Det kan ingen hukse aat det vart gjort nokon s skøierstreker i juletiden. Me ha høirt navnet julskaaka men ikkje vist haa det har vore. Navne er vonleg kome til bygde med alle dei skreppekremmaran som drog fra Uvdal til nornorge o vestlande i forrige aarhundre.

B.

Ved aa sette navn paa folk.

4.

Noko sers navn sette dei ikkje paa dei sim jek ut paa besøk, men det vart ikkje helle før rektig, so foreldrun innprenta ungan at det var uhøveleg. No gaa dei hell ikkje u bedde burti gardan lste dag jul.

5. Før sa dei at julegjeite hadde driti paa dei som ikkje fek noko nytt plagg te jul.

6. Har ikkje høirt om noko sers navnpaa dei sam,

førsomte noko sers, vor mer sagt "samlekaps"